




Eilin Houlison  
Molvik

### Emne: Uttale søknad om avkjørsle - gbnr 239/129 - Eknes Ytre

Teknisk drift syner til førespurnad om uttale vedkomande søknad om løyve til etablering av avkjørsle frå regulert kommunal veg. Teknisk drift har vurdert saka og kan ikkje godkjenne at det vert etablert avkjørsle med den plassering som er vist i søknad. Avkjørsla kjem for nær eksisterande privat fellesveg som i dag fungerer som avkjørsle til gbnr 239/117 .

Avkjørsler skal i mest mogleg grad samlast for å unngå uønskede hendingar. Avkjørsle skal etablerast frå regulerte adkomstveger. Adkomstveg til eidedom er, i dette tilfellet, privat fellesveg eller regulert kommunal veg i søraust (sjå utsnitt av reguleringsplan). Privat felles veg er ikkje opparbeida iht reguleringsplan. Dette er ei av manglane som gjer at regulert kommunal veg, per dags dato, ikkje er overteke av kommunen. Teknisk drift forholder seg til reguleringsplan.



Når det gjeld sikt i avkjørsle sør for gbnr 239/129 er denne bygd før 2007. Siktkrav for avkjørsla bygd før 2007 var 4x30m. Same siktkrav gjeld også for regulerte private fellesveger.

### Teknisk drift sett følgjande krav til skråning mot regulert kommunal veg:

Arbeider med grøntanlegg utføres etter NS 3420-K2 og Statens vegvesens håndbok 165.

Minste avstand mellom vegkant og fyllingsfot skal være minimum 1,0m. Grøfteareal mellom vegkant og fyllingsfot skal sikre drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg og leidningsnett).

Steinfylling anleggast med ei skråning maks 1:2, jordkles og tilsåast.

Ved jordkledning og tilsåing av skråningar og siktareal nyttast sandjord eller næringsfattig avgravingsmassar i 5-10 cm tjukkeleik. Det nyttast ikkje kompostprodukter. Tilsåing med 15-20kg grasfrø/daa, blanding for vegskråningar el.

Ved etablering av skråning må det takast omsyn til avkjørsle på gbnr 239/130.

Det må sendast inn lengdesnitt (M 1:50) som viser vegbane med leidningsnett, veggrøft (minimum 1,0m) og fyllingsområdet. Det skal angis på situasjonskart (M 1:500) kor lengdesnitta gjennom fylling er tatt. Teknisk drift skal godkjenne dette før det vert gitt løyve til etablering av fylling mot veg.

Linda Folkestad